

Europaparlamentet: Utkast til rapport om Arktis drøfta

- *Utkastet til rapport om Arktis vart godt motteke i det felles møtet mellom utanriks- og miljøkomiteane i Europaparlamentet*
- *Mange understreka behovet for å sikre Arktis som eit lågspenningsområde, og tok til orde for ressursar til forskning og infrastruktur og involvering av folk som bur i området*
- *Kritikk av framlegg til krav om særskilte konsekvensvurderingar i Arktis, men også enkelte som tok til orde for eit moratorium etter modell av det som er i Antarktis*

Utanrikskomiteen (AFET) og miljø-, folkehelse og mattrygghetskomiteen (ENVI) i Europaparlamentet hadde 7. november ein felles drøfting av [utkast til rapporten «Ein integrert EU-politikk for Arktis»](#). Dei to komiteane har delt [hovudansvar for rapporten](#). Saksordførar i AFET er Urmas Paet (den liberale gruppa ALDE, Estland) og i ENVI Sirpa Pietikäinen (sentrum-høgre gruppa EPP, Finland). Rapporten vil ikkje vere rettsleg bindande, men vil spegle kva Europaparlamentet meiner EUs arktiske politikk framover bør vere. Det er frist til torsdag denne veka (10. november) til å fremje endringsframlegg til rapporten. Det er lagt opp til drøfting av desse endringsframlegga i eit nytt felles komitémøte 12. januar.

Utkastet til den felles rapporten legg mellom anna vekt på at Arktis er eit område som alt er regulert av internasjonal rett og avtaler, men med ei litt uklar formulering i avsnitt 2 om at *“..the EU should have a strong role in reaching an agreement to maintain the Arctic, which is not under any country’s jurisdiction, as an area of common heritage to be used exclusively for peaceful and scientific purposes...”*. Utkastet viser til auka russisk militært nærvære i Arktis, men legg også vekt på dialog med Russland, jf. avsnitt 13 og 14. Eit tredje sentralt punkt i rapporten sett med norske auge er balansen mellom ressursutnytting og vern. Rapporten tek i avsnitt 6 og 7 til orde for auka bruk av konsekvensvurdering og foreslår også at dette skal vere *«a prerequisite for goods marketed in the EU deriving from the projects executed in the Arctic region.»* Denne formuleringa vil truleg skape debatt.

Peter Liese (EPP, Tyskland) snakka på vegna av Pietikäinen som var forhindra. Som tidlegare finsk miljøminister og medlem av ENVI er ho ikkje overraskande spesielt opptatt av å miljø- og berekraftspørsmål. Ho meiner EUs arktiske politikk bør vere spesielt fokusert på miljøspørsmål, inkludert fremje arktiske miljøkonsekvensanalysar og forbod mot tungolje som drivstoff.

Urmas Paet la som medlem av AFET vekt på den veksande geopolitiske vekta til Arktis, ikkje berre miljømessig, men også sikkerheitspolitisk. Regionen er eit lågspenningsområde. EU må bidra til at det fortsatt blir tilfelle. Det er viktig å unngå opprustning i regionen og å sikre respekt for internasjonal rett. Han vona EU kan bli fast observatør i Arktis råd og sa EU bør bidra med ressursar til leite og redningskapasitet.

Dei fleste av skuggeordførarane i AFET og ENVI hadde deretter ordet. Arnaud Danjean (EPP, Frankrike) som snakka på vegne av Michael Gahler (EPP, Tyskland) tok til orde for ei arbeidsgruppe for Arktis i Rådet og ein eigen arktisk delegasjon i Parlamentet. Han sa at EU må bidra til å hindre auka spenning. Han kritiserte artikkel 6 og 7 og sa at også ordlyden i artikkel 2 må drøftast nærare.

Christel Schaldemose (den sosialdemokratiske gruppa (S&D), Danmark) sa det er eit godt rapportutkast. Å bevare Arktis som eit lågspenningsområde vil også gjere det lettare å ta vare på miljøet. Ho var opptatt av at lokalbefolkninga, inkludert urfolk, må vere involvert i avgjerder som gjeld Arktis. Ho varsla nokre endringar knytt til dette og til miljøavsnitta i rapporten.

Anna Elizbieta Fotyga (den konservative gruppa ECR, Polen) sa det er viktig å sikre at Arktis forblir eit lågspenningsområde og var derfor uroa over opprustinga som Russland gjennomfører. Ho la også vekt på at det er viktig å dra veksling på erfaringane til dei mange EU-landa som alt er observatørarar til Arktis råd.

Anneli Jäätteenmäki (ALDE, Finland) sa også det er eit godt rapportutkast, men varsla samstundes endringar. Ho var glad for at EU investerer ressursar i arktiske område innanfor EU, inkludert forskning og infrastruktur. Det er viktig at alle er klar over at samarbeidet går bra i området og Parlamentet må unngå å bidra til auka spenningar gjennom å feil ordbruk i rapporten. Det er derfor viktig at den balansen som nå er i teksten m.a. knytt til tilhøve til Russland, blir ståande. Ho var ein av fleire som sa det er viktig at den nordlege dimensjon i EUs politikken blir styrka og tydeleggjort.

Bodil Valero (Dei grønne, Sverige) sa det er viktig å beskytte Arktis i ein situasjon der issmeltinga opnar for nye aktivitetar i nye område. Ho tok til orde for eit moratorium etter modell av det som finnest i Antarktis mellom anna for å hindre oljeutvinning i sårbare områder.

Fabio Massimo Castaldo (ytre høgre gruppa EFDD, Italia) var også opptatt av å hindre auka spenning og av å verne eit unikt økosystem mellom anna i lys av auka skipstrafikk. Det er derfor viktig at EU støttar forskning og infrastruktur for søke- og redningskapasitet. Samstundes var han også for samd med Valero i behovet for eit moratorium og støtta framlegget om eit tungoljeforbod.

Liisa Jaakonsari (S&D, Finland) heldt det lengste innlegget og roste utkastet som balansert. Ho var opptatt av at det gode samarbeidet som er i området, bl.a. i Arktis råd, må anerkjennast og at det er viktig byggje partnerskap knytt til den nordlege dimensjonen. Ho var glad for omtalen av tilhøvet til Russland. Ho sa eit moratorium som dei to førre innlegga hadde teke til orde for, ville bli tatt i mot svært dårleg av innbyggjarane i regionen. EU og det internasjonale samfunnet må derimot oppføre seg med respekt overfor dei som faktisk bur i regionen. Ressursar må utnyttast på ein berekraftig måte. Ho var usamd med ordlyden i avsnitt 6 og 7 trass dei gode intensjonane som låg bak. EU kan ikkje belære Canada, Island og Noreg om behovet for

konsekvensanalyser sa ho. EU bør heller fokusere på å fremje beste praksis og samfunnsansvaret til verksemdene, jf. framlegget til dei arktiske parlamentarikarane i Ulan-Ude om ein indeks på dette området. Ho var også opptatt av betra representasjon av samane inn i EUs politikktutvikling.

Jørn Dohrmann (ECR, Danmark) var opptatt av forskning på miljøendringar og sa Arktis ikkje kan vere ein nasjonalpark. Det må leggjast til rette for tursime og anna næringsverksemd i regionen. Nye seglingsrutar gjer det nødvendig med meir fokus op søke- og redningskapasitet.

Davor Skrlec (De grønne, Kroatia) var opptatt av at EUs politikk må sikre omsynet til miljø, berekraft og biologisk mangfald i Arktis. Det er viktig med forskning og eit forbod mot tungolje som drivstoff.

Jean-Luc Schaffhauser (ytre høgre gruppa ENF, Frankrike) spurte retorisk kva som eigentleg er tilleggsverdien til EU i Arktis og sa dette er eit politikkområde som bør overlatast til det enkelte land.

Kommisjonen og EUs utanriksteneste (EEAS) fekk deretter ordet. Felix Leinemann (DG Mare) sa seg glad for utkastet. Kommisjonen er opptatt av dialog, og han viste både til ein aktiv dialog med urfolk og at Kommisjonen er i ferd med å etablere Artic Stakeholder Forum. Det blir lagt opp til eit arrangement med Mogherini i samband med Finlands formannskap i Arktisk Råd neste år. Han bad om meir informasjon om korleis det foreslegne arktiske informasjonssenteret i Rovaniemi var tenkt finansiert på lang sikt. Kommisjonen var også kritisk til artikkel 6 og 7. Korleis vil den ekstra konsekvensanalysen fungere og korleis den vil påverke konkurranse mellom regionar i den indre marknaden, spurde han.

Boris Iarochevitch (EEAS) sa seg glad for at Parlamentet heilt sidan 2008 hat bidrege til å utvikle EUs arktiske politikk. Han understreka at meldinga som var lagt fram i vår, ikkje var uttømmande, spesielt ikkje knytt til det han omtalt som «harde sikkerheitsutfordringar». Dette er drøfta andre stader. Meldinga har derimot fokus på klima, bærekraft og internasjonalt samarbeid. Han var glad for at fleire hadde teke til orde for å referere til den nordlege dimensjonen i rapporten.

Kommentar:

Debatten var relativt overordna og var som venta i hovudsak knytt til spørsmålet om miljø og Arktis som lågspenningsområde. Den generelle tonen mot Russland i Europaparlamentet er skjerpa etter Russlands bombing i Syria. Det kan derfor ikkje utelukkast at enkelte medlemmar av Europaparlamentet vil gjere framlegg om ein skarpare tone mot Russland. Samstundes bar debatten preg at av mange er innforstått med behovet for samarbeid med Russland i Arktis. Dette er i samsvar med tradisjonell norsk haldning.

Debatten var mest konkret i spørsmålet om balansen mellom ressursutnytting og vern og mange medlemmar og Kommisjonen var mot formuleringane i artikkel 6 og 7 mellom anna knytt til særskilde konsekvensanalyser for Arktis. Samstundes var det også enkelte som gjekk lengre enn rapportutkastet gjennom framlegget til moratorium. Dette vart avvist siste Parlamentet drøfta Arktis i 2014, og ingenting i debatten tyder på at det brei støtte til dette nå heller.

I tidlegare diskusjonar om Arktis i EU har det frå norsk side vore eit viktig poeng å understreke at Arktis ikkje er eit lovlaust område. Trass uklare formuleringar i avsnitt 2 i utkastet, synes dei fleste i Parlamentet nå vere klar over dei eksisterande avtalene og samarbeidsstrukturane som er etablert for Arktis og arktisk samarbeid.

Med helsing

Per S. Nestande

Stortingets Brussel-kontor



Per S. Nestande

Seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

Internasjonal avdeling

Tel: 23 31 36 11

Mob: 917 68 598

psn@stortinget.no

www.stortinget.no

DATO: 7. november 2016